

## **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015**

Svein Halleraker, Øyvind Hardeland og Stig Morten Frøiland ønskte at utvalet skulle ta stilling til om dei var ugilde og då dei alle var grunneigarar i det aktuelle området planen omhandla. Alle gjekk frå under behandlinga om gildskap.

Administrasjonen hadde på førehand gjort ei juridisk habilitetsvurdering med utg.pkt. i at dei alle var grunneigarar, og etter ei samla vurdering fann fylkesrådmanen å tilrå at det dei alle var gilde.

Utvalet fann ikkje at nokon av dei var ugilde, og Halleraker, Hardeland og Frøiland trådde inn at i den vidare behandlinga i saka.

**Svein Halleraker (H)** sette ram slikt forslag til vedtak på vegner av H, Frp, V og Øyvind Hardeland:

- «1. Framlegg til Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland er eit omfattande og viktig arbeid som vil vera eit godt reiskap for kommunal planlegging.
- 2. Hordaland fylkeskommune rår til at strandsoneplanen vert vedteken slik han ligg føre.
- 3. Framlegg til Regional kystsoneplan er ikkje i samsvar med Interkommunal strandsoneplan. I prosessen vidare bør dei to planarbeida sameinast slik at strandsoneplanen vert styrande vert styrande for kystsoneplanen i kapitlet som omhandlar strandsona. Dersom det ikkje er mogleg, må kapitlet om strandsona takast ut av kystsoneplanen.
- 4. Varig verna kulturminne er del av dei enkelte kommunane sine kulturminneplanar. Strandsoneplanen må som alle kommunale planar, ta omsyn til varig verna kulturminne og fastsette vernesonar.

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slik protokollmerknad på vegner av MDG og Krf:

«MDG og Krf er sterkt kritiske til planframlegget som er i strid med regional politikk og statlege planretningslinjer for strandsona.»

### **Røysting**

Halleraker sitt forslag vart vedteke med 8 røyster ( H, Frp, V, Øyvind Hardeland og Stig Morten Frøiland ) mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

### **Vedtak**

- 1. Framlegg til Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland er eit omfattande og viktig arbeid som vil vera eit godt reiskap for kommunal planlegging.
- 2. Hordaland fylkeskommune rår til at strandsoneplanen vert vedteken slik han ligg føre.
- 3. Framlegg til Regional kystsoneplan er ikkje i samsvar med Interkommunal strandsoneplan. I prosessen vidare bør dei to planarbeida sameinast slik at strandsoneplanen vert styrande vert styrande for kystsoneplanen i kapitlet som omhandlar strandsona. Dersom det ikkje er mogleg, må kapitlet om strandsona takast ut av kystsoneplanen.
- 4. Varig verna kulturminne er del av dei enkelte kommunane sine kulturminneplanar. Strandsoneplanen må som alle kommunale planar, ta omsyn til varig verna kulturminne og fastsette vernesonar.

Protokollmerknad frå Tom Sverre Tomren på vegner av MDG og Krf:

MDG og Krf er sterkt kritiske til planframlegget som er i strid med regional politikk og statlege planretningslinjer for strandsona.